

**DNB vart sponsor nummer 3**

11.03.2013

**DNB vart hovudsponsor nummer 3 for Festidalen. Frå før er det underteikna avtalar med Kvinnherad Elektro og Umoe Schat Harding. Lars Johan Myklebust som er sponsorsjef gjev uttrykk for at festivalleinga er utruleg godt nøgde med å ha fått ein så seriøs aktør på laget. Summen vert ikkje offentleggjort men den er betydeleg samanlikna med andre avtalar banken har i distrikta.**

Banken vil markera at Kvinnherad framleis er eit satsingsområde for dei og dei er imponert over Festidalen som er eitt av dei viktigaste kulturarrangementa i kommunen. Festidalen driv verkeleg positivt nybrottsarbeid, seier Siren Simonnes til Kvinnheringen. Odd Steinar Arnesen peikar på at DNB set krav til Festidalen og dermed vert festivalen ein enda meir seriøs aktør.